DET KONGELEGE
ARBEIDSDEPARTEMENT

# Prop. 26 S

(2011–2012)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

# Endringar i statsbudsjettet for 2011 under Arbeidsdepartementet

*Tilråding frå Arbeidsdepartementet 18. november 2011,*
*godkjend i statsråd same dagen.*
*(Regjeringa Stoltenberg II)*

## 1 Innleiing

Arbeidsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar av løyvingane under enkelte kapittel under programområde 09 Arbeid og sosiale formål, programområde 29 Sosiale formål, folketrygda, programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda, samt enkelte av inntektene for 2011.

Dei reviderte overslaga for folketrygdas utgifter og inntekter i 2011 bygger i hovudsak på tal frå rekneskapen per 30. september 2011.

Arbeidsdepartementet fremmar forslag om å redusere løyvingane under utgiftskapitla under programområde 09 Arbeid og sosiale formål utanom lånetransaksjonar med 94,5 mill. kroner, å redusere løyvingane under programområde 29 Sosiale formål, folketrygda med 1 778,6 mill. kroner og å redusere løyvingane under programområde 33 Arbeidsliv med 660 mill. kroner. Samla gjer Arbeidsdepartementet framlegg om at løyvingane under utgiftskapitla utanom lånetransaksjonar vert nedsett med om lag 2 533,1 mill. kroner.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga for inntekter utanom lånetransaksjonar under inntektskapitla med om lag 25,3 mill. kroner.

## 2 Forslag under dei enkelte kapitla

### Kap. 601 Utgreiingsverksemd, forsking m.m,

*Post 21 Spesielle driftsutgifter*

I samband med Prop. 1 S (2010-2011) vart det løyva 11 mill. kroner under post 21 til informasjonstiltak knytt til oppfølging av tiltak i IA-avtalen.

To av desse 11 mill. kronene vil gå til lansering av partane i arbeidslivet sitt opplæringsprogram ”Inkluderende”. Midlane vil verte utbetalt over post 70 Tilskot.

I tråd med IA-avtalen skal partane i arbeidslivet i fellesskap utvikle eit rettleiingsverktøy til bruk i verksemdene for tilrettelegging for sjukmeldte eller personar som kan unngå sjukmelding gjennom tilrettelegging. Det er i tråd med dette utarbeidd eit interaktivt opplæringsverktøy som vart lansert i september 2011.

**Kap. 601, 604, 605, 606, 612, 615, 616, 634, 635, 649, 660, 664, 666, 667, 2470, 2541, 2542, 2620, 2650, 2651, 2655, 2661, 2670, 2680, 2686, 2690, 3614, 3634, 3635, 5607, 5701, 5704 og 5705**

Dette vert utbetalt over post 70 Tilskot, då det er ei overføring i form av tilskot for gjennomføring av lanseringa av programmet.

*Post 22 Tiltak mot ufrivillig deltid*

Departementet har delegert forvaltninga av midlane til tiltak mot ufrivillig deltid til Arbeids- og velferdsdirektoratet og Vox. Det har teke noko tid å organisere bruken av midlane, mellom anna fordi søknadsprosessen har teke lengre tid enn berekna. For å nytte midlane på best mogleg måte, gjer Arbeidsdepartementet framlegg om å knytte stikkordsfullmakta "kan overførast" til denne posten i statsbudsjettet for 2011.

## Kap. 604 Utviklingstiltak i arbeids- og velferdsforvaltninga

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 21 | Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 45 | 136 894 | 65 620 | 21 200 | -44 420 |
| 45 | Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast, kan nyttast under post 21 | 726 713 | 127 080 | 42 000 | -85 080 |
| | Sum endringar | | | | -129 500 |

*Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 45*

Løyvinga for 2011 er 65,62 mill. kroner.

Samla løyving for kap. 604 er på 192,7 mill. kroner. I tillegg er det overført midlar frå 2010. Samla ramme på kapitlet er om lag 705 mill. kroner i 2011.

På kap. 604 står det samla igjen ei ubrukt risikoavsetjing på 159 mill. kroner til IKT-pensjonsprogrammet i 2011. Sjølv om pensjonsreforma er sett i verk, fortset arbeidet med å sikre ei god forvaltning av pensjonsområdet i Arbeids- og velferdsetaten. Det skal mellom anna gjennomførast delvis skjerming av levealdersjusteringa for uføre. Som følgje av dette kan det vere behov for å nytte delar av ubrukt risikoavsetjing i 2011 og 2012. Dette beløpet er på 30 mill. kroner. Risikoavsetjinga kan derfor reduserast med 129 mill. kroner. Kap. 604, post 21 kan reduserast med 43,920 mill. kroner og post 45 kan reduserast med 85,080 mill. kroner.

I tillegg er det sett av 0,5 mill. kroner til kvalitetssikring KS1 av IKT-moderniseringsprosjektet i Arbeids- og velferdsetaten på post 21. Midlane vil ikkje verte nytta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 21 med 44,420 mill. kroner.

*Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast, kan nyttast under post 21*

Løyvinga for 2011 er 127,08 mill. kroner.

Risikoavsetjinga til IKT-pensjonsprogrammet på posten kan reduserast. Vi viser til nærare omtale under post 21 ovanfor.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 45 med 85,080 mill. kroner.

## Kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 01 | Driftsutgifter | 9 991 854 | 9 720 818 | 9 723 418 | +2 600 |

*Post 1 Driftsutgifter*

Løyvinga for 2011 er 9 720,818 mill. kroner.

Arbeids- og velferdsetaten deltek i eID-programmet. I samband med Prop. 1 S (2010-2011) vart det for å dekkje transaksjonskostnadene rammeoverført til saman 4,4 mill. kroner frå kap. 605, post 01 til Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet sitt budsjett. For mykje rammeoverført skulle justerast når transaksjonsvoluma vart klare i 2011.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under kap. 605, post 1 med 2,6 mill. kroner mot tilsvarande reduksjon under Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet sitt kap. 1560, post 22.

## Kap. 606 Trygderetten

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 01 | Driftsutgifter | 59 859 | 247 | 61 747 | -1 500 |

*Post 1 Driftsutgifter*

Løyvinga for 2011 er 63,247 mill. kroner.

Det er venta eit mindreforbruk på kap. 606, post 01 for 2011. Det har mellom anna samband med at overgangen til web-basert versjon av saksbehandlingssystemet i Trygderetten ikkje vil verte gjennomført i 2011 og at det til visse andre føremål vert lågare utgifter enn venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 01 med 1,5 mill. kroner.

## Kap. 612 Tilskot til Statens pensjonskasse

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 01 | Driftsutgifter, *overslagsløyving* | 7 734 960 | 9 436 700 | 9 415 000 | -21 700 |

*Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving*

Løyvinga for 2011 er 9 436,7 mill. kroner.

Oppdatert løyvingsoverslag for kap. 612, post 01 viser ein reduksjon på posten med 21,7 mill. kroner. Reduksjonen skriv seg frå fleire årsaker:

- Oppdaterte overslag for utbetalte pensjonar (alderspensjonar, uførepensjonar og etterlatnepensjonar) viser ein auke med 105 mill. kroner. Auken knytter seg i hovudsak til ein auke i overslaget over etterbetalingar til enkemenn.
  - Oppdatert informasjon frå Statens pensjonskasse syner no at dei samla utbetalingane i 2011 vil verte om lag 385 mill. kroner. Dette inneber ein auke med 121 mill. kroner i høve til kva som allereie ligg inne i budsjettet. Statens pensjonskasse viser til at det er høgare gjennomsnittleg utbetalt beløp per årsklassse enn kva som tidlegare vart lagt til grunn. Antall saker i ikkje endra med totalt 3500 saker fordelt på 1900 pensjonistar, 650 arveoppgjer og 950 refusjonar til annan ordning.
  - Oppdaterte overslag over utbetalte førtidspensjonar viser ein reduksjon på 15 mill. kroner i høve til kva som allereie ligg inne i budsjettet.
- Overslaget over arbeidsgivarpremie, inkludert AFP-premie, er auka med 143 mill. kroner i høve til overslaget i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2011. Auken i arbeidsgivarpremie heng saman med at premiegrunnlaget for 2011 vart auka etter tariffoppgjeret for arbeidstakarar i det statleg tariffområdet våren 2011. I tillegg skyldast auken i premieinntektene at etterfakturering av premie frå tidlegare år er høgare enn det som vart lagt til grunn i Revidert nasjonalbudsjett 2011. I motsatt retning trekk utbetaling til ei statleg verksemd med lukka pensjonsordning (Baneservice), grunna ei overdekning i fondsmidlar ut over framtidig berekna premiebetaling.

- Andre endringar i budsjettføresetnadene fører med seg ein netto auke av løyvingsforslaget med 17 mill. kroner, mellom anna som følgje av reduserte refusjonar frå førtidspensjonar og reduserte renteinntekter i refusjon frå andre pensjonsordningar.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 01 med 21,7 mill. kroner.

## Kap. 615 Yrkesskadeforsikring

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 01 | Driftsutgifter, *overslagsløyving* | 76 929 | 91 000 | 87 000 | -4 000 |

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga for 2011 er 91 mill. kroner.

Det vert foreslått ein reduksjon av løyvinga under post 01 med 4 mill. kroner til 87 mill. kroner. Reduksjonen kjem i hovudsak av at faktiske utbetalte erstatningar hittil i 2011 har vore lågare enn det som vart lagt til grunn i Revidert nasjonalbudsjett 2011.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 01 med 4 mill. kroner.

## Kap. 616 Gruppelivsforsikring

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 01 | Driftsutgifter, *overslagsløyving* | 141 607 | 146 000 | 166 000 | +20 000 |

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga for 2011 er 146 mill. kroner.

Det vert foreslått å auke løyvinga med 20 mill. kroner. Overslaget er basert på utbetalte erstatningar so langt i 2011 og prognose for utbetalingar ut året.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 01 med 20 mill. kroner.

## Kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 76 | Tiltak for arbeidssøkjarar, kan overførast | 7 741 478 | 6 957 490 | 6 806 090 | -151 400 |

*Post 21 Forsøk, utviklingstiltak m.v., kan overførast*

Det vart i 2011 løyva 5 mill kroner over kap. 634 post 21 til ei prøveordning med servicehund. Prosjektet starta i 2009, og det er i 2011 framleis utfordringar knytt til å rekruttere eit tilstrekkeleg antall brukarar til prosjektet. Ei rekke kommunar over heile Austlandsområdet har vore kontakta. Til saman tre brukarar er no meld opp til testing og utprøving ved Hundeskulen Veiviseren, men desse vil ikkje være klar for tildeling av hunder før i 2012. I tillegg er det innleda eit samarbeid med Hundeskulen om å rekruttere brukarar til forsøket direkte frå skulens ventelister, slik at det no kan vere mogleg å rekruttere eit tilstrekkeleg antall brukarar. Midlane som var planlagt brukt til formålet i 2011, vil på denne bakgrunn ikkje kome til utbetaling før i 2012. Ubrukte midler på posten i 2011 vil overførast til 2012.

*Post 76 Tiltak for arbeidssøkjarar, kan overførast*

Løyvinga for 2011 er 6 957,49 mill. kroner.

Det ligg an til eit mindreforbruk av løyvinga til arbeidsmarknadstiltak i 2011. Årsaka er at Arbeids- og velferdsetaten har teke i bruk relativt sett rimeligare tiltak enn kva som budsjetteknisk tidlegare vart lagt til grunn. Dette inneber at det er rom for å redusere løyvinga med 82,7 mill. kroner.

Det er behov for å justere utbetalinga for det rekneskapsmessige etterslepet for aktivitet i 2010 med utbetaling i 2011. Justeringa heng i hovudsak saman med at det viser seg å vere mindre behov for denne utbetalinga enn kva som budsjetteknisk er lagt til grunn. Dette inneber at det er rom for å redusere løyvinga med 68,7 mill. kroner.

Samla sett inneber desse endringane behov for å redusere løyvinga med 151,4 mill. kroner i 2011. Endringane fører ikkje med seg endringar i det planlagde nivået for arbeidsmarknadstiltaka i 2011, som framleis vil vere på om lag 71 450 plasser i gjennomsnitt.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 76 med 151,4 mill. kroner.

## Kap. 3634 Arbeidsmarknadstiltak

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 85 | Innfordring av feilutbetaling, Arbeidsmarknadstiltak | 1 080 | 2 000 | 500 | -1 500 |

*Post 85 Innfordring av feilutbetaling, Arbeidsmarknadstiltak*

Løyvinga for 2011 er 2 mill. kroner.

Inntekter under denne posten har samband med innfordring av feilutbetalingar til tiltaksarrangørar og enkelte tiltaksdeltakarar.

På bakgrunn av informasjon om innfordring av feilutbetalingar så langt i år gjer Arbeidsdepartementet framlegg om å redusere løyvinga på post 85 med 1,5 mill. kroner.

## Kap. 635 Ventelønn

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 01 | Driftsutgifter, *overslagsløyving* | 203 494 | 164 000 | 165 000 | +1 000 |

*Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving*

Løyvinga for 2011 er 164 mill. kroner.

Utviklinga så langt i 2011 tilseier at utgiftene til ventelønn i 2011 vert anslagsvis 165 mill. kroner. Dette er ein auke på 1 mill. kroner samanlikna med gjeldande løyving for 2011. Til grunn for auken ligg ei forventning om ein marginal nedgang i talet på mottakarar av ventelønn, men ein auke i den gjennomsnittlege utbetalinga per mottakar.

På bakgrunn av oppdaterte berekningar for 2011, gjer departementet framlegg om å auke løyvinga under post 01 Dritfsutgifter med 1 mill. kroner i 2011.

## Kap. 3635 Ventelønn m.v.

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 01 | Refusjon statleg verksemd m.v. | 58 970 | 49 000 | 53 000 | +4 000 |
| 85 | Innfordring av feilutbetaling av ventelønn | 2 174 | 1 800 | 2 200 | +400 |
| | Sum endringar | | | | +4 400 |

*Post 01 Refusjon statleg verksemd*

Løyvinga for 2011 er 49 mill. kroner.

Utviklinga i samla refusjon avheng av utviklinga i talet på mottakarar av ventelønn, og nytilgangen av talet på mottakarar med fullt refusjonskrav. På bakgrunn av utviklinga så langt i 2011 vert refusjonane anslått til 53 mill. kroner. Dette er ein auke på 4 mill. kroner.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 01 med 4 mill. kroner.

*Post 85 Innfordring av feilutbetaling av ventelønn*

Løyvinga for 2011 er 1,8 mill. kroner.

NAV innkrevjing står for innfordring av feilutbetalingar av ventelønn. Arbeids- og velferdsdirektoratet ventar no ei samla innkrevjing på om lag 2,2 mill. kroner i 2011.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 85 med 0,4 mill. kroner.

## Kap. 649 Treparts bransjeprogram

*Post 21 Spesielle driftsutgifter – treparts bransjeprogram*

Løyvinga for 2011 er 10 mill. kroner

Posten skal dekkje kostnader knytte til etablering og gjennomføring av tiltak for å betre lønns- og arbeidsvilkår og kjempe mot sosial dumping og svart arbeid i særleg utsette bransjar. Reinhald vil vere første bransje og midlane over post 21 vil særleg dekkje kostnader til etablering av ei offentleg godkjenningsordning for reinhaldsverksemder.

Hausten 2010 og våren 2011 har det vore arbeidd med å greie ut organiseringa og gjennomføringa av ei slik godkjenningsordning, og eit forslag til forskrift vart sendt på høyring før sommaren 2011, med frist 7. oktober 2011. Det er også gjennomført ei kartleggjing av forholda i reinhaldsbransjen. Forskningsstiftinga Fafo har gjennomført kartleggjinga og den vart ferdigstilt i juli 2011.

Størstedelen av etableringskostnadene vil ut frå dette komme i 2012. Det vil på bakgrunn av dette vere behov for at ubrukt løyving i 2011 vert tilgjengeleg i 2012. Det vert derfor foreslått at løyvinga vert gjort overførbar til 2012.

Det vert foreslått at løyvinga under kap. 649 Treparts bransjeprogram, post 21 Spesielle driftsutgifter – treparts bransjeprogram vert gitt stikkordet "kan overførast" i statsbudsjettet for 2011.

## Kap. 660 Krigspensjon

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Tilskot, militære, *overslagsløyving* | 191 160 | 170 000 | 175 000 | +5 000 |
| 71 | Tilskot, sivile, *overslagsløyving* | 463 547 | 417 000 | 440 000 | +23 000 |
| | Sum endringar | | | | + 28 000 |

*Post 70 Tilskot, militære, overslagsløyving*

Løyvinga for 2011 er 170 mill. kroner.

Ein reknar med at talet på militære krigspensjonistar og gjennomsnittleg yting vert litt høgare enn venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga på post 70 med 5 mill. kroner.

*Post 71 Tilskot, sivile, overslagsløyving*

Løyvinga for 2011 er 417 mill. kroner.

Ein reknar med at talet på sivile krigspensjonistar og gjennomsnittleg yting vert litt høgare enn venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga på post 71 med 23 mill. kroner.

## Kap. 664 Pensjonstrygda for sjømenn

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Tilskot | 493 000 | 427 562 | 624 562 | +197 000 |

*Post 70 Tilskot*

*Pensjonstrygda for sjømenn sin forvaltningsmessige status*

Ved revisjonen av Arbeidsdepartementet si forvaltning og gjennomføring av statsbudsjettet i dei seinare åra har Riksrevisjonen stilt spørsmål om kva for slags tilknyting Pensjonstrygda for sjømenn (PTS) har til staten, og bedt Arbeidsdepartementet avklare om PTS er eit ordinært forvaltningsorgan underlagt løyvingsreglementet og økonomiregelverket i staten.

Arbeidsdepartementet viser til at ein i samarbeid med reiarane og sjømenna sine organisasjonar vil i 2012 setje i gong ein større gjennomgang av pensjonsordninga for sjømenn, med sikte på å finne fram til ei varig pensjonsløysing tilpassa dei grunnleggjande prinsippa i pensjonsreforma, jf. Prop. 18 L (2010-2011) Endringar i lov om pensjonstrygd for sjømenn, lov om pensjonstrygd for fiskar og i enkelte andre lover. I dette arbeidet vil også dei organisatoriske og administrative konsekvensane av aktuelle pensjonsløysingar måtte vurderast.

Etter departementet sitt syn er det ikkje tenleg å ta endeleg stilling til verksemda si tilknyting til staten, eller foreta alle tilpassingar til løyvingsreglementet og det statlege økonomiregelverket før ein veit kva for organisatoriske og administrative konsekvensar ei varig pensjonsløysing vil få.

PTS er no i ferd med å gå gjennom og kvalitetssikre si interne økonomiforvalting og rekneskapsløysingane i samarbeid med departementet og med Direktoratet for økonomistyring. Arbeidsdepartementet si styring av PTS har i praksis blitt gjennomført som for eit ordinært forvaltingsorgan. Departementet vil legge vekt på at PTS sitt rekneskap skal vere transparent og dokumentert, særleg der praksis avviker frå det som elles er reglane i staten.

*Budsjettforslag for 2011*

Løyvinga for 2011 er på 427,6 mill. kroner.

Arbeids- og velferdsetaten utbetalar sjømannspensjonen gjennom dei lokale NAV-kontora på vegne av PTS. Utbetalingane skjer på månadleg basis, og PTS refunderer utlegga til Arbeids- og velferdsetaten på etterskot.

I 2009 innførde Arbeids- og velferdsetaten nye utbetalingsrutinar mellom PTS og Arbeids- og velferdsetaten. Tidlegare vart pensjonsutgiftene gjort opp mellom etatane i den same månaden som dei blei utbetalte. Endringa i rutinane førte til at refusjonar som i tidlegare budsjett var føreset utbetalt i november og desember 2009, blei skove til 2010. Overslaga for pensjonsutgifter vart reduserte med 248 mill. kroner i 2009 som følgje av denne omlegginga, jf. Prop. 42 S (2009-2010) Endringar i statsbudsjettet for 2009 under Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Innst. 81 S (2009–2010).

PTS etablerte med denne løysinga ein "kreditt" i Arbeids- og velferdsetaten med opp til to månaders utlegg av sjømannspensjon. Frå 2010 førte Arbeids- og velferdsetaten pensjonsytingane i balansen som ei fordring på PTS. Det blei ikkje bokført nokon tilsvarande gjeldspost i PTS sin rekneskap for 2010. Dette førte til at Riksrevisjonen ikkje kunne godkjenne PTS sin rekneskap for 2010.

På denne bakgrunn er betalingsrutinane endra frå november 2011. PTS har no gått over til å kostnadsføre pensjonsytingar samtidig som oppmodinga til å utbetale ytingane vert sendt til

Arbeids- og velferdsetaten. Endringa inneber at PTS refunderar pensjonsytingar tilsvarande 14 månader i inneverande år.

Endringane i betalingsrutinane medfører eit behov for å auke statstilskotet over kap. 664, post 70 for 2011 med om lag 198 mill. kroner. Denne summen tilsvarar tilnærma pensjonsutbetalingar i november og desember 2011. Auken er ein eingongseffekt i 2011 og inneber at staten igjen vil komme á jour med løyvingane til pensjonsutgifter gjennom PTS.

I tillegg til meirbehov som følgje av endringa i betalingsrutinane er det gjort mindre endringar i overslaga for inntekter og utgifter.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 197 mill. kroner.

## Kap. 666 Avtalefesta pensjon (AFP)

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Tilskot | 1 525 308 | 1 834 000 | 1 830 000 | -4 000 |

*Post 70 Tilskot*

Løyvinga er på 1 834 mill. kroner i 2011.

Posten gjeld statens tilskot til AFP i privat sektor. I anslaga er det skilt mellom AFP etter reglane som var gjeldande til og med 2010, og dei nye reglane som gjeld for alle arbeidstakarar som tok ut AFP med verknadstidspunkt tidlegast 1. januar 2011.

Auken i talet på pensjonistar med AFP etter dei gamle reglane ser ut til å verte litt lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga. Talet på mottakarar etter dei nye reglane ser ut til å verte noko høgare enn lagt til grunn for løyvinga.

Samla sett reknar ein med at utgiftene vert litt lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga på post 70 med 4 mill. kroner.

## Kap. 667 Supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Tilskot, overslagsløyving | 346 703 | 390 000 | 371 000 | -19 000 |

*Post 70 Tilskot, overslagsløyving*

Løyvinga er på 390 mill. kroner i 2011.

Ein reknar med at talet på mottakarar og gjennomsnittleg yting vert litt lågare enn venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 19 mill. kroner.

## Kap. 2470 Statens pensjonskasse

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 24 | Driftsresultat | -5 616 | 27 847 | 15 847 | -12 000 |

*Post 24 Driftsresultat*

Løyvinga for 2011 er 27,847 mill. kroner.

*Underpost 24.2 Driftsutgifter*

Driftsutgiftene vert forslått redusert med 12 mill. kroner til 400 mill. kroner.

Reduksjonen i driftsutgifter skyldast lågare lønsvekst, høgare refusjonar av sjukepengar og noko lågare feriepengeutbetalingar.

Øvrige underposter er uendra.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 24 med 12 mill. kroner.

*Post 45 Større investeringar og vedlikehald*

Løyvinga for 2011 er 329,93 mill. kroner og er uendra i høve til Revidert nasjonalbudsjett 2011.

I Prop. 125 S (2009-2010) vart det vedtatt kostnads- og styringsramme for investeringsprogrammet Perform:

- Kostnadsramme: 1 287 mill. kroner
- Styringsramme: 1 006 mill. kroner

Planlagde leveransar frå investeringsprogrammet er levert i samsvar med plan i 2011. Investeringsprogrammet vil verte avslutta 31.12.2011, men med noko sluttarbeid og produksjonssetting i februar 2012. Sluttprognosen for kostnadane til investeringsprogrammet ligg innanfor vedteken styringsramme.

## Kap. 2541 Dagpengar

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Dagpengar, *overslagsløyving* | 12 198 508 | 12 100 000 | 11 400 000 | -700 000 |

*Post 70 Dagpengar, overslagsløyving*

Løyvinga for 2011 er 12 100 mill. kroner.

Departementet anslår dagpengeutbetalingane i 2011 til om lag 11 400 mill. kroner, med grunnlag i tal til og med september 2011. Det vert no lagt til grunn lågare deler av helt ledige og delvis ledige som har rett til dagpenger enn i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2011. Utbetalingane av dagpengar i perioden januar til september i år er og lågare enn for same periode i 2010.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga under post 70 med 700 mill. kroner til 11 400 mill. kroner i 2011.

## Kap. 5705 Refusjon av dagpengar

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 03 | Refusjon for dagpengar frå EØS-land | 5 826 | 6 000 | 3 000 | -3 000 |

*Post 03 Refusjon for dagpengar frå EØS-land*

Løyvinga for 2011 er på 6 mill. kroner.

På bakgrunn av utviklinga i refusjonar så langt i år og venta utvikling for resten av året gjer Arbeidsdepartementet framlegg om å redusere løyvinga under post 03 med 3 mill. kroner.

## Kap. 2542 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.v.

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.v., *overslagsløyving* | 658 711 | 650 000 | 690 000 | +40 000 |

*Post 70 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.v., overslagsløyving*

Løyvinga for 2011 er 650 mill. kroner

Utbetalingane gjennom lønnsgarantiordninga er sterkt konjunkturavhengig, og det er særleg talet på konkursar på landsbasis, talet på tilsette og lønnsnivået for desse som påverkar den samla utbetalinga. Økonomien i det enkelte buet påverkar også utbetalingane og moglegheitene for innkrevjing av dividende.

Utviklinga i talet på konkursar i 2011 og talet på nye bu/saker til lønnsgarantieininga er usikker. Utviklinga i talet på konkursar på landsbasis 2009-2011 viser ein nedgong samanlikna med 2008, og hittil i 2011 viser utviklinga ei stabilisering på nivå for 2010. Det har og vore noko nedbyggjing av restanse i lønnsgarantieininga i NAV i mai-juni 2011, og det er forventa ei vidare nedbyggjing av restanse. På dette grunnlag vert det anslått det ei samla utgift i 2011 på 690 mill. kroner.

Det vert foreslått at løyvinga over post 70 vert auka med 40 mill. kroner frå 650 mill. kroner til 690 mill. kroner i 2011.

## Kap. 5704 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 02 | Dividende | 155 376 | 155 000 | 170 000 | +15 000 |

*Post 02 Dividende*

Løyvinga for 2011 er 155 mill. kroner

Dividenden kan til ei viss grad sjåast i samanheng med endringane i utbetalingar og den generelle økonomiske situasjonen i bua. Innbetalingane relaterer seg både til inneverande og tidlegare års utbetalingar. Det er eit betydeleg etterslep i innkrevjing av dividende i forhold til utbetalingane.

Dividendeinngangen er slik vanskeleg å anslå og varierer mykje månad for månad og mellom år. Ut frå endra prognose gjennom 2011, grunna lågare utbetaling i 2010 enn anslått og ut frå variasjonar i dei periodiske innbetalingane gjennom 2011, vert det anslått ein dividendeinngang på 170 mill. kroner for 2011.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 02 med 15 mill. kroner.

## Kap. 2620 Stønad til einsleg mor eller far

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Overgangsstønad, *overslagsløyving* | 2 539 865 | 2 641 000 | 2 560 000 | -81 000 |
| 73 | Utdanningsstønad | 50 867 | 52 000 | 57 000 | +5 000 |
| 75 | Tilskot til flytting for å kome i arbeid | 319 | 300 | 200 | -100 |
| 76 | Forskottering av underhaldsbidrag | 856 299 | 861 000 | 860 000 | -1 000 |
| | Sum endringar | | | | -77 000 |

*Post 70 Overgangsstønad, overslagsløyving*

Løyvinga for 2011 er 2 641 mill. kroner.

Nye tal syner at det så langt i år har vore ein sterkare reduksjon i talet på mottakarar enn venta. Dette kan sjåast i samanheng med den gode utviklinga som har vore på arbeidsmarknaden.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 70 med 81 mill. kroner.

*Post 73 Utdanningsstønad*

Løyvinga for 2011 er 52 mill. kroner.

Nye tal syner at det har vore ein sterkare vekst i talet på mottakarar av utdanningsstønad enn venta. Det har også vore ei sterkare auke i den gjennomsnittlege utbetalinga enn venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 73 med 5 mill. kroner.

*Post 75 Tilskot til flytting for å kome i arbeid*

Løyvinga for 2011 er 0,3 mill. kroner.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 75 med 0,1 mill. kroner.

*Post 76 Forskottering av underhaldsbidrag*

Løyvinga for 2011 er på 861 mill. kroner.

Det er gjort mindre justeringar av anslaga både for gjennomsnittleg yting og talet på mottakarar. Samla sett er det grunnlag for ei mindre nedjustering av løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 76 med 1 mill. kroner.

## Kap. 2650 Sjukepengar

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Sjukepengar for arbeidstakarar m.m., *overslagsløyving* | 30 357 763 | 31 880 000 | 30 990 000 | -890 000 |
| 71 | Sjukepengar for sjølvstendige, *overslagsløyving* | 1 747 375 | 1 780 000 | 1 660 000 | -120 000 |
| 72 | Omsorgs- og pleiepengar ved sjukdom hos barn m.m., *overslagsløyving* | 498 457 | 555 000 | 510 000 | -45 000 |
| 75 | Feriepengar av sjukepengar, *overslagsløyving* | 1 788 730 | 1 730 000 | 1 722 000 | -8 000 |
| | Sum endringar | | | | - 1 063 000 |

*Post 70 Sjukepengar for arbeidstakarar m.m., overslagsløyving*

Løyvinga for 2011 er 31 880 mill. kroner.

I Prop. 120 S (2010-2011) er det lagt til grunn ein nullvekst i talet på sjukepengedagar per sysselsett. Vidare er det lagt til grunn ein auke i sysselsetjinga og sjukepengegrunnlaget.

Arbeidsdepartementet legg for 2011 til grunn ein vekst i sjukepengegrunnlaget på 4 pst. og ein vekst i sysselsetjinga på 1,2 pst. Disse forutsetnadene samt Arbeids- og velferdsdirektoratet sin statistikk over sjukefråveret og rekneskapen til og med september 2011, tilseier at talet på sjukepengedagar per sysselsett reduserast med 3 pst. frå 2010 til 2011. Samla sett gir dette lågare sjukepengeutbetalingar i 2011 enn det ein rekna med tidlegare i år.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 70 med 890 mill. kroner.

*Post 71 Sjukepengar for sjølvstendige, overslagsløyving*

Løyvinga for 2011 er 1 780 mill. kroner.

Sjukefråveret blant sjølvstendige vert lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 71 Sjukepengar for sjølvstendige arbeidstakarar med 120 mill. kroner.

*Post 72 Omsorgs- og pleiepengar ved sjukdom hos barn m.m., overslagsløyving*

Løyvinga for 2011 er 555 mill. kroner.

Utgiftene i 2011 vert noko lågare enn venta. Årsaka er at talet på mottakarar er lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 72 med 45 mill. kroner.

*Post 75 Feriepengar av sjukepengar, overslagsløyving*

Løyvinga for 2011 er 1 730 mill. kroner.

Utgiftene i 2011 vert noko lågare enn det som tidlegare er lagt til grunn.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 75 med 8 mill. kroner.

## Kap. 2651 Ytingar under arbeidsavklaring

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Arbeidsavklaringspengar, *overslagsløyving* | 27 517 646 | 36 309 000 | 35 685 000 | -624 000 |
| 71 | Tilleggsstønad | 513 978 | 570 000 | 510 000 | -60 000 |
| 72 | Legeerklæringar | 281 949 | 330 000 | 295 000 | -35 000 |
| | Sum endringar | | | | -719 000 |

*Post 70 Arbeidsavklaringspengar, overslagsløyving*

Løyvinga for 2011 er 36 309 mill. kroner.

Utgiftene så langt i år har hatt ei noko anna utvikling enn det som er lagt til grunn for løyvinga. Spesielt blei talet på mottakarar i august og september lågare enn det som var anslått. Tilgangen til arbeidsavklaringspengar er lågare enn anslått samstundes som avgangen er noko høgare. Samla er talet på mottakarar i 2011 venta å bli noko lågare enn tidlegare anslått. Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 70 med 624 mill. kroner.

*Post 71 Tilleggsstønad*

Løyvinga for 2011 er 570 mill. kroner.

Utgiftene så langt i år har vore lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 71 med 60 mill. kroner.

*Post 72 Legeerklæringar*

Løyvinga for 2011 er 330 mill. kroner.

Utgiftene så langt i år har vore lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 72 med 35 mill. kroner.

## Kap. 2655 Uføre

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Grunnpensjon, *overslagsløyving* | 20 124 833 | 21 306 000 | 21 205 000 | -101 000 |
| 71 | Tilleggspensjon, *overslagsløyving* | 31 426 020 | 33 123 000 | 33 125 000 | +2 000 |
| 72 | Særtillegg, *overslagsløyving* | 2 044 685 | 2 153 000 | 2 115 000 | -38 000 |
| 73 | Førebels uførepensjon, *overslagsløyving* | 13 280 | 13 000 | 3 500 | -9 500 |
| 76 | Yrkesskade gml. lovgiving, *overslagsløyving* | 73 589 | 74 000 | 75 000 | +1 000 |
| | Sum endringar | | | | -145 5000 |

*Post 70 Grunnpensjon, overslagsløyving*

Løyvinga for 2011 er 21 306 mill. kroner.

Utgiftene i 2011 har auka mindre enn venta fordi talet på mottakarar er noko lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 70 med 101 mill. kroner.

*Post 71 Tilleggspensjon, overslagsløyving*

Løyvinga for 2011 er 33 123 mill. kroner.

Utgiftene i 2011 er anslått å verte noko høgare enn venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 71 med 2 mill. kroner.

*Post 72 Særtillegg, overslagsløyving*

Løyvinga for 2011 er 2 153 mill. kroner.

Utgiftene i 2011 har auka noko mindre enn venta fordi talet på mottakarar er lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 72 med 38 mill. kroner.

*Post 73 Førebels uførepensjon, overslagsløyving*

Løyvinga for 2011 er 13 mill. kroner.

Utgiftene i 2011 har vorte lågara enn venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 73 med 9,5 mill. kroner.

*Post 76 Yrkesskade gml. lovgiving, overslagsløyving*

Løyvinga for 2011 er på 74 mill. kroner.

Utgiftene ser ut til å verte litt høgare enn rekna med då løyvinga vart fastsett.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 76 med 1 mill. kroner.

### Kap. 2661 Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel m.m.

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Grunnstønad, *overslagsløyving* | 1 665 275 | 1 730 000 | 1 700 000 | -30 000 |
| 71 | Hjelpestønad, *overslagsløyving* | 1 713 910 | 1 790 000 | 1 720 000 | -70 000 |
| 73 | Hjelpemiddel mv. til arbeid og utdanning | 109 912 | 110 000 | 122 000 | +12 000 |
| 74 | Tilskot til bilar | 703 289 | 870 000 | 700 000 | -170 000 |
| 75 | Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel | 2 819 382 | 2 870 000 | 2 560 000 | -310 000 |
| 76 | Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel som tenester | 163 630 | 165 000 | 195 000 | +30 000 |
| 77 | Ortopediske hjelpemiddel | 950 946 | 1 015 000 | 985 000 | -30 000 |
| 78 | Høyreapparat | 542 993 | 505 000 | 470 000 | -35 000 |
| | Sum endringar | | | | -603 000 |

*Post 70 Grunnstønad, overslagsløyving*

Løyvinga for 2011 er 1 730 mill. kroner.

Det er venta at utgiftene vert 30 mill. kroner lågare enn løyvinga. Grunnen er ein reduksjon i talet på mottakarar.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 70 med 30 mill. kroner.

*Post 71 Hjelpestønad, overslagsløyving*

Løyvinga for 2011 er 1 790 mill. kroner.

Det er venta at utgiftene vert 70 mill. kroner lågare enn løyvinga. Årsaka er ein reduksjon i talet på mottakarar.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 71 med 70 mill. kroner.

*Post 73 Hjelpemiddel m.m. til arbeid og utdanning*

Løyvinga for 2011 er 110 mill. kroner.

Utgiftene så langt i år har auka meir enn venta. Årsaka er ein auke i utgiftene til tolkehjelp for døve i arbeidslivet.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 73 med 12 mill. kroner.

*Post 74 Tilskot til bil*

Løyvinga for 2011 er 870 mill. kroner.

Det er venta ein reduksjon i utgiftene samanlikna med det som er lagt til grunn for løyvinga. Dette har samanheng med at talet på saker er redusert, samt ein auke i delen avslag for gruppe 2-bilar.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 74 med 170 mill. kroner.

*Post 75 Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel*

Løyvinga for 2011 er 2 870 mill. kroner.

Det er venta ein reduksjon i utgiftene samanlikna med det som er lagt til grunn for løyvinga. Utgiftene til enkelte av dei større hjelpemiddelgruppene, som elektrisk rullestol og hjelpemiddel til hushald og boligtilpassing minkar.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 75 med 310 mill. kroner.

*Post 76 Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel som tenester*

Løyvinga for 2011 er 165 mill. kroner.

Utgiftene har auka noko meir enn det som er lagt til grunn for løyvinga. Utgiftene samla sett er venta å verte 30 mill. kroner høgare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 76 Betring av funksjonsevna, andre formål med 30 mill. kroner.

*Post 77 Ortopediske hjelpemiddel*

Løyvinga for 2011 er 1 015 mill. kroner.

Utgiftene er venta å verte 30 mill. kroner lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga. Utgiftene aukar for mange enkeltstønader. Utgiftene til protesar, som er av dei største enkeltstønadene, minkar.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 77 med 30 mill. kroner.

*Post 78 Høyreapparat*

Løyvinga for 2011 er 505 mill. kroner.

Utgiftene er venta å verte 35 mill. kroner lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga, som følgje av at volumveksten er lågare enn det som tidlegare er lagt til grunn.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 78 med 35 mill. kroner.

## Kap. 2670 Alderdom

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Grunnpensjon, *overslagsløyving* | 44 115 647 | 48 060 000 | 48 175 000 | +115 000 |
| 71 | Tilleggspensjon, *overslagsløyving* | 71 063 082 | 80 588 000 | 81 430 000 | +842 000 |
| 72 | Ventetillegg, *overslagsløyving* | 34 154 | 25 000 | 26 000 | +1 000 |
| 73 | Særtillegg, *overslagsløyving* | 5 875 286 | 6 020 000 | 5 755 000 | -265 000 |
| | Sum endringar | | | | 693 000 |

Talet på pensjonistar under 67 år i 2011 vert høgare enn lagt til grunn ved fastsetjinga av løyvinga. Ein reknar nå med eit gjennomsnittleg tal på om lag 24 700 pensjonistar under 67 år. I løyvinga er det lagt til grunn eit gjennomsnittleg tal på om lag 22 000 pensjonistar. Meirutgiftene knytte til mogelegheitene for tidleg uttak av alderspensjon ser ut til å bli om lag 4,8 mrd. kroner.

*Post 70 Grunnpensjon, overslagsløyving*

Løyvinga for 2011 er 48 060 mill. kroner.

På grunn av auken i talet på pensjonistar under 67 år vert det gjort framlegg om å auke løyvinga på posten. For pensjonistar over 67 år er talet på motakarar og gjennomsnittleg yting om lag som forventa.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 70 med 115 mill. kroner.

*Post 71 Tilleggspensjon, overslagsløyving*

Løyvinga for 2011 er 80 588 mill. kroner.

På grunn av auken i talet på pensjonistar under 67 år vert det gjort framlegg om å auke løyvinga på posten. For pensjonistar over 67 år vert det gjort mindre justeringar for talet på motakarar og gjennomsnittleg yting.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 71 med 842 mill. kroner.

*Post 72 Ventetillegg, overslagsløyving*

Løyvinga for 2011 er 25 mill. kroner.

Ein reknar med at talet på mottakarar blir litt høgare enn venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 1 mill. kroner.

*Post 73 Særtillegg, overslagsløyving*

Løyvinga for 2011 er 6 020 mill. kroner.

Talet på alderspensjonistar med særtillegg og gjennomsnittleg yting vil verte noko lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 73 med 265 mill. kroner.

### Kap. 2680 Etterlatne

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Grunnpensjon, *overslagsløyving* | 1 294 537 | 1 300 000 | 1 315 000 | +15 000 |
| 71 | Tilleggspensjon, *overslagsløyving* | 1 079 621 | 1 073 000 | 1 095 000 | +22 000 |
| 72 | Særtillegg, *overslagsløyving* | 103 456 | 110 000 | 109 000 | -1 000 |
| | Sum endringar | | | | +36 000 |

*Post 70 Grunnpensjon, overslagsløyving*

Løyvinga for 2011 er 1 300 mill. kroner.

Ein reknar med at den gjennomsnittlige grunnpensjonen vil verte litt høgare enn venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 70 med 15 mill. kroner.

*Post 71 Tilleggspensjon, overslagsløyving*

Løyvinga for 2011 er 1 073 mill. kroner.

Ein reknar med at den gjennomsnittlege grunnpensjonen vil verte litt høgare enn venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 71 med 22 mill. kroner.

*Post 72 Særtillegg, overslagsløyving*

Løyvinga for 2011 er 110 mill. kroner.

Det er gjort mindre justeringar av anslaga både for gjennomsnittleg yting og talet på mottakarar. Samla sett er det grunnlag for ei mindre nedjustering av løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 72 med 1 mill. kroner.

### Kap. 2686 Gravferdsstønad

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Gravferdsstønad, *overslagsløyving* | 158 039 | 175 000 | 170 000 | -5 000 |

*Post 70 Gravferdsstønad, overslagsløyving*

Løyvinga for 2011 er på 175 mill. kroner.

Rekneskapstala for 2010 vert litt lågare enn det som var lagt til grunn for løyvinga. Dette gir eit lågare inngangsnivå til 2011 enn lagt til grunn i vedteke budsjett.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 70 med 5 mill. kroner.

### Kap. 2690 Diverse utgifter

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Sjukestønadsutgifter i utlandet | 237 672 | 195 000 | 310 000 | +115 000 |
| 77 | Pasientar frå gjensidighetsland m.v. | 93 714 | 100 000 | 90 000 | -10 000 |
| | Sum endringar | | | | +105 000 |

*Post 70 Sjukestønadsutgifter i utlandet*

Løyvinga for 2011 er 195 mill. kroner.

Utgiftene på denne posten varierer til vanleg mykje frå månad til månad og posten er difor vanskeleg å anslå.

For 2011 vert det ein månadleg venta auke i utgiftene som følgje av udekka krav for behandlingsutgifter i EØS-området. Spania har den største delen av slike krav.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 70 med 115 mill. kroner.

*Post 77 Pasientar frå gjensidighetsland m.v.*

Løyvinga for 2011 er 100 mill. kroner.

Utgiftene på denne posten varierer til vanleg mykje frå månad til månad, og posten er difor vanskeleg å anslå. På grunn av utviklinga til og med september er det grunn til og justere ned løyvinga for 2011.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga post 77 med 10 mill. kroner.

## Kap. 3614 Bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 90 | Tilbakebetaling av lån | 5 457 064 | 6 100 000 | 6 800 000 | +700 000 |

*Post 90 Tilbakebetaling av lån*

Løyvinga for 2011 er 6 100 mill. kroner.

Oppdatert løyvingsforslag for tilbakebetaling av lån i 2011 er auka med 700 mill. kroner til 6 800 mill. kroner. Auken kan i hovudsak forklarast med ein auke i antal innfridde lån. I tillegg er det teke omsyn til forventa ekstraordinære avdrag på om lag 200 mill. kroner. Anslaget på ekstraordinære avdrag tek utgangspunkt i erfaringsmateriale frå 2010 og ein føresetnad om at lånekundane nyttar høve til å betale ekstra avdrag i ein situasjon med låg rente.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 90 med 700 mill. kroner.

## Kap. 5607 Renter av bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 80 | Renter | 744 774 | 1 133 000 | 1031 000 | -102 000 |

*Post 80 Renter*

Løyvinga for 2011 er 1 133 mill. kroner.

Overslaget over renteinntektene er redusert med 102 mill. kroner. I Revidert nasjonalbudsjett 2011 var føresetnaden ei gjennomsnittleg rente på 3 pst. for heile året. No vert den faktiske gjennomsnittlige normrenta i 2011 på 2,75 pst. lagt til grunn.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 80 med 102 mill. kroner.

## Kap. 5701 Diverse inntekter

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekne-skap 2010 | Løyving 2011 | Forslag 2011 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 02 | Diverse inntekter | 412 824 | 350 100 | 495 000 | +144 900 |
| 03 | Hjelpemiddelsentralar m.m. | 33 500 | 38 000 | 34 000 | -4 000 |
| 71 | Refusjon ved yrkesskade | 971 850 | 1 045 000 | 932 500 | -112 500 |
| 73 | Refusjon bidragspliktige | 401 913 | 401 000 | 395 000 | -6 000 |
| 74 | Refusjon medisinsk handsaming | 26 519 | 20 000 | 8 000 | -12 000 |
| 80 | Renter | 1 441 | 1 700 | 2 000 | +300 |
| | Sum endringar | | | | +10 700 |

*Post 02 Diverse inntekter*

Løyvinga for 2011 er 350,1 mill. kroner.

Posten består mellom anna av tilbakebetaling av for mykje utbetalt til stønadsmottakarar og legar og inntekter frå renter og avdrag på attføringslån. Innbetalingar pr. 31. august 2011 var 325 mill. kroner. Samla inntekter er venta å verte 495 mill. kroner på posten for 2011.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 02 med 144,9 mill. kroner.

*Post 03 Helpemiddelsentralar m.m.*

Løyvinga for 2011 er 3 mill. kroner.

Basert på utviklinga hittil i år, vert det anslått ein nedgang på 4 mill. kroner under post 03.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 03 med 4 mill. kroner.

*Post 71 Refusjon ved yrkesskade*

Løyvinga for 2011 er på 1 045 mill. kroner.

På grunn av innbetalinga av refusjon av oppgjer frå forsikringsnæringa til og med skadeårgang 2010, som er innbetalt til folketrygda, vert anslaget for inneverande år 112,5 mill. kroner lågare enn budsjettert.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 71 med 112,5 mill. kroner.

*Post 73 Refusjon bidragspliktige*

For 2011 er det budsjettert med inntekter på 401 mill. kroner.

Ein må sjå inntektene på posten i samanheng med utgiftene til forskottering på kap. 2620 post 76. Ein legg normalt til grunn at inntektene vil utgjere ein viss prosentsats av utbetalingane til forskot i den same perioden. På grunn av utviklinga så langt i år reknar ein med at inntektene vert litt lågare enn venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere budsjettet for inntektene på post 73 med 6 mill. kroner.

*Post 74 Refusjon medisinsk handsaming*

Løyvinga for 2011 er på 20 mill. kroner.

Utgiftene på denne posten varierer mykje frå år til år, og posten er difor vanskeleg å berekne. På grunn av utviklinga så langt i år reknar ein med at inntektene vert om lag 12 mill. kroner lågare enn venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 74 med 12 mill. kroner.

*Post 80 Renter*

Løyvinga for 2011 er 1,7 mill. kroner.

Basert på utviklinga hittil i år, vert det anslått ein auke på 0,3 mill. kroner under post 80.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 80 med 0,3 mill. kroner.

Arbeidsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2011 under Arbeidsdepartementet.

---

**Vi HARALD,** Noregs Konge,

s t a d f e s t a r :

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2011 under Arbeidsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

# Forslag
## til vedtak om endringar på statsbudsjettet for 2011 under Arbeidsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2011 vert det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| 604 | | Utviklingstiltak i arbeids- og velferdsforvaltninga | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter*, kan overførast, kan nyttast under post 45*, vert redusert med | 44 420 000 |
| | | frå kr 65 620 000 til kr 21 200 000 | |
| | 45 | Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald*, kan overførast, kan nyttast under post 21*, vert redusert med | 85 080 000 |
| | | frå kr 127 080 000 til kr 42 000 000 | |
| 605 | | Arbeids- og velferdsetaten | |
| | 01 | Driftsutgifter, vert auka med | 2 600 000 |
| | | frå kr 9 720 818 000 til kr 9 723 418 000 | |
| 606 | | Trygderetten | |
| | 01 | Driftsutgifter, vert redusert med | 1 500 000 |
| | | frå kr 63 247 000 til kr 61 747 000 | |
| 612 | | Tilskot til Statens pensjonskasse | |
| | 01 | Driftsutgifter*, overslagsløyving*, vert redusert med | 21 700 000 |
| | | frå kr 9 436 700 000 til kr 9 415 000 000 | |
| 615 | | Yrkesskadeforsikring | |
| | 01 | Driftsutgifter*, overslagsløyving*, vert redusert med | 4 000 000 |
| | | frå kr 91 000 000 til kr 87 000 000 | |
| 616 | | Gruppelivsforsikring | |
| | 01 | Driftsutgifter*, overslagsløyving*, vert auka med | 20 000 000 |
| | | frå kr 146 000 000 til kr 166 000 000 | |
| 634 | | Arbeidsmarknadstiltak | |
| | 76 | Tiltak for arbeidssøkjarar*, kan overførast*, vert redusert med | 151 400 000 |
| | | frå kr 6 957 490 000 til kr 6 806 090 000 | |

| Kap. | Post | Formål | | Kroner |
|---|---|---|---|---|
| 635 | | Ventelønn | | |
| | 01 | Driftsutgifter, *overslagsløyving*, vert auka med | | 1 000 000 |
| | | frå kr 164 000 000 til kr 165 000 000 | | |
| 660 | | Krigspensjon | | |
| | 70 | Tilskot, militære, *overslagsløyving*, vert auka med | | 5 000 000 |
| | | frå kr 170 000 000 til kr 175 000 000 | | |
| | 71 | Tilskot, sivile, *overslagsløyving*, vert auka med | | 23 000 000 |
| | | frå kr 417 000 000 til kr 440 000 000 | | |
| 664 | | Pensjonstrygda for sjømenn | | |
| | 70 | Tilskot, vert auka med | | 197 000 000 |
| | | frå kr 427 562 000 til kr 624 562 000 | | |
| 666 | | Avtalefesta pensjon (AFP) | | |
| | 70 | Tilskot, vert redusert med | | 4 000 000 |
| | | frå kr 1 834 000 000 til kr 1 830 000 000 | | |
| 667 | | Supplerende stønad til personar over 67 år | | |
| | 70 | Tilskot, *overslagsløyving*, vert redusert med | | 19 000 000 |
| | | frå kr 390 000 000 til kr 371 000 000 | | |
| 2470 | | Statens pensjonskasse | | |
| | 24 | Driftsresultat, vert redusert med | | 12 000 000 |
| | | frå kr 27 847 000 til kr 15 847 000 | | |
| | | 1 Driftsinntekter, overslagsløyving | - 512 420 000 | |
| | | 2 Driftsutgifter, overslagsløyving vert redusert med kr 12 000 000 til | 400 040 000 | |
| | | 3 Avskrivninger | 93 764 000 | |
| | | 4 Renter av statens kapital | 25 393 000 | |
| | | 5 Til investeringsformål | 18 070 000 | |
| | | 6 Til reguleringsfondet | 0 | |
| 2541 | | Dagpengar | | |
| | 70 | Dagpengar, *overslagsløyving*, vert redusert med | | 700 000 000 |
| | | frå kr 12 100 000 000 til kr 11 400 000 000 | | |
| 2542 | | Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.v. | | |
| | 70 | Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.v., *overslagsløyving*, vert auka med | | 40 000 000 |
| | | frå kr 650 000 000 til kr 690 000 000 | | |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| 2620 | | Stønad til einsleg mor eller far | |
| | 70 | Overgangsstønad, *overslagsløyving*, vert redusert med | 81 000 000 |
| | | frå kr 2 641 000 000 til kr 2 560 000 000 | |
| | 73 | Utdanningsstønad, vert auka med | 5 000 000 |
| | | frå kr 52 000 000 til kr 57 000 000 | |
| | 75 | Tilskot til flytting for å kome i arbeid, vert redusert med | 100 000 |
| | | frå kr 300 000 til kr 200 000 | |
| | 76 | Forskuttering av underholdsbidrag, vert redusert med | 1 000 000 |
| | | frå kr 861 000 000 til kr 860 000 000 | |
| 2650 | | Sjukepengar | |
| | 70 | Sjukepengar for arbeidstakarar m.v., *overslagsløyving*, vert redusert med | 890 000 000 |
| | | frå kr 31 880 000 000 til kr 30 990 000 000 | |
| | 71 | Sjukepenger for sjølvstendige, *overslagsløyving*, vert redusert med | 120 000 000 |
| | | frå kr 1 780 000 000 til kr 1 660 000 000 | |
| | 72 | Omsorgs- og pleiepengar ved barns sjukdom m.m., *overslagsløyving*, vert redusert med | 45 000 000 |
| | | frå kr 555 000 000 til kr 510 000 000 | |
| | 75 | Feriepenger av sjukepengar, *overslagsløyving*, vert redusert med | 8 000 000 |
| | | frå kr 1 730 000 000 til kr 1 722 000 000 | |
| 2651 | | Arbeidsavklaringpengar | |
| | 70 | Arbeidsavklaringspengar, overslagsløyving, vert redusert med | 624 000 000 |
| | | frå kr 36 309 000 000 til kr 35 685 000 000 | |
| | 71 | Tilleggsstønad, *overslagsløyving*, vert redusert med | 60 000 000 |
| | | frå kr 570 000 000 til kr 510 000 000 | |
| | 72 | Legeerklæringer, vert redusert med | 35 000 000 |
| | | frå kr 330 000 000 til kr 295 000 000 | |
| 2655 | | Uføre | |
| | 70 | Grunnpensjon, *overslagsløyving*, vert redusert med | 101 000 000 |
| | | frå kr 21 306 000 000 til kr 21 205 000 000 | |
| | 71 | Tilleggspensjon, *overslagsløyving*, vert auka med | 2 000 000 |
| | | frå kr 33 123 000 000 til kr 33 125 000 000 | |
| | 72 | Særtillegg, *overslagsløyving*, vert redusert med | 38 000 000 |
| | | frå kr 2 153 000 000 til kr 2 115 000 000 | |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| | 73 | Foreløpig uførepensjon, *overslagsløyving*, vert redusert med ...... | 9 500 000 |
| | | frå kr 13 000 000 til kr 3 500 000 | |
| | 76 | Yrkesskadetrygd gml. Lovgivning, *overslagsløyving*, vert auka med ........ | 1 000 000 |
| | | frå kr 74 000 000 til kr 75 000 000 | |
| 2661 | | Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel m.v. | |
| | 70 | Grunnstønad, *overslagsløyving*, vert redusert med ............... | 30 000 000 |
| | | frå kr 1 730 000 000 til kr 1 700 000 000 | |
| | 71 | Hjelpestønad, *overslagsløyving*, vert redusert med ............... | 70 000 000 |
| | | frå kr 1 790 000 000 til kr 1 720 000 000 | |
| | 73 | Hjelpemiddel m.v. under arbeid og utdanning, vert auka med ..... | 12 000 000 |
| | | frå kr 110 000 000 til kr 122 000 000 | |
| | 74 | Tilskot til bilar, vert redusert med ........................... | 170 000 000 |
| | | frå kr 870 000 000 til kr 700 000 000 | |
| | 75 | Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel, vert redusert med ...... | 310 000 000 |
| | | frå kr 2 870 000 000 til kr 2 560 000 000 | |
| | 76 | Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel som tenester, vert auka med ........ | 30 000 000 |
| | | frå kr 165 000 000 til kr 195 000 000 | |
| | 77 | Ortopediske hjelpemiddel, vert redusert med ................. | 30 000 000 |
| | | frå kr 1 015 000 000 til kr 985 000 000 | |
| | 78 | Høyreapparat, vert redusert med ........................... | 35 000 000 |
| | | frå kr 505 000 000 til kr 470 000 000 | |
| 2670 | | Alderdom | |
| | 70 | Grunnpensjon, *overslagsløyving*, vert auka med ................. | 115 000 000 |
| | | frå kr 48 060 000 000 til kr 48 175 000 000 | |
| | 71 | Tilleggspensjon, *overslagsløyving*, vert auka med ................ | 842 000 000 |
| | | frå kr 80 588 000 000 til kr 81 430 000 000 | |
| | 72 | Ventetillegg, *overslagsløyving*, vert auka med .................. | 1 000 000 |
| | | frå kr 25 000 000 til kr 26 000 000 | |
| | 73 | Særtillegg, *overslagsløyving*, vert redusert med ................. | 265 000 000 |
| | | frå kr 6 020 000 000 til kr 5 755 000 000 | |
| 2680 | | Etterlatne | |
| | 70 | Grunnpensjon, *overslagsløyving*, vert auka med ................. | 15 000 000 |
| | | frå kr 1 300 000 000 til kr 1 315 000 000 | |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| | 71 | Tilleggspensjon, *overslagsløyving*, vert auka med ................ | 22 000 000 |
| | | frå kr 1 073 000 000 til kr 1 095 000 000 | |
| | 72 | Særtillegg, *overslagsløyving*, vert redusert med .................. | 1 000 000 |
| | | frå kr 110 000 000 til kr 109 000 000 | |
| 2686 | | Gravferdsstønad | |
| | 70 | Gravferdsstønad, *overslagsløyving*, vert redusert med ............ | 5 000 000 |
| | | frå kr 175 000 000 til kr 170 000 000 | |
| 2690 | | Diverse utgifter | |
| | 70 | Sjukestønadsutgifter i utlandet, vert auka med .................. | 115 000 000 |
| | | frå kr 195 000 000 til kr 310 000 000 | |
| | 77 | Pasientar frå gjensidighetsland mv., vert redusert med ........... | 10 000 000 |
| | | frå kr 100 000 000 til kr 90 000 000 | |

Inntekter:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| 3614 | | Bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse | |
| | 90 | Tilbakebetaling av lån, vert auka med ......................... | 700 000 000 |
| | | frå kr 6 100 000 000 til kr 6 800 000 000 | |
| 3634 | | Arbeidsmarknadstiltak | |
| | 85 | Innfordring av feilutbetaling, Arbeidsmarknadstiltak, vert redusert med ................................................ | 1 500 000 |
| | | frå kr 2 000 000 til kr 500 000 | |
| 3635 | | Ventelønn m.v. | |
| | 01 | Refusjon statleg verksemd m.v., vert auka med ................. | 4 000 000 |
| | | frå kr 49 000 000 til kr 53 000 000 | |
| | 85 | Innfordring av feilutbetaling av ventelønn, vert auka med ......... | 400 000 |
| | | frå kr 1 800 000 til kr 2 200 000 | |
| 5607 | | Renter av bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse | |
| | 80 | Renter, vert redusert med .................................. | 102 000 000 |
| | | frå kr 1 133 000 000 til kr 1 031 000 000 | |
| 5701 | | Diverse inntekter | |
| | 02 | Diverse inntekter, vert auka med ............................. | 144 900 000 |
| | | frå kr 350 100 000 til kr 495 000 000 | |
| | 03 | Hjelpemiddelsentralar m.m., vert redusert med ................. | 4 000 000 |
| | | frå kr 38 000 000 til kr 34 000 000 | |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| | 71 | Refusjon ved yrkesskade, vert redusert med .................... | 112 500 000 |
| | | frå kr 1 045 000 000 til kr 932 500 000 | |
| | 73 | Refusjon frå bidragspliktige, vert redusert med ................. | 6 000 000 |
| | | frå kr 401 000 000 til kr 395 000 000 | |
| | 74 | Refusjon medisinsk behandling, vert redusert med ............. | 12 000 000 |
| | | frå kr 20 000 000 til kr 8 000 000 | |
| | 80 | Renter, vert auka med ...................................... | 300 000 |
| | | frå kr 1 700 000 til kr 2 000 000 | |
| 5704 | | Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs | |
| | 02 | Dividende, vert auka med .................................. | 15 000 000 |
| | | frå kr 155 000 000 til kr 170 000 000 | |
| 5705 | | Refusjon av dagpengar | |
| | 03 | Refusjon for dagpengar frå EØS-land, vert redusert med ......... | 3 000 000 |
| | | frå kr 6 000 000 til kr 3 000 000 | |

II

Stortinget samtykkjer i at stikkordet "kan overførast" vert tilføydd løyvinga under kap. 601 Utgreiingsverksemd, forsking m.m., post 22 Tiltak mot ufrivillig deltid, i statsbudsjettet for 2011.

III

Stortinget samtykkjer i at stikkordet "kan overførast" vert tilføydd løyvinga under kap. 649 Treparts bransjeprogram, post 21 Spesielle driftsutgifter – Treparts bransjeprogram, i statsbudsjettet for 2011.

MILJØMERKET
241491
Trykk: A/S O. Fredr Arnesen.  November 2011